



# Sunnfjord vassområde

## REFERAT: TEMAMØTE OM AVLØP 15.11.2018

15.11.2018 kl 9:30 – 12:30

Stad: Førde, Storehagen 1B, møterom Hafstad / Hogane.

Til stades på møtet:

Audun Korneliussen, seniorrådgjevar, Flora kommune

Arne Stig Sortevik, fagleiar jordbruk, Naustdal kommune

Truls Hansen Folkestad, kommunalsjef næring og teknisk, Gaular kommune

Stig Olav Kleiven, konsulent ureining / spreidde avløp, Gaular kommune

Liss Lien, bygg- og eigedomssjef, Askvoll kommune

Magne Reidar Førde, driftsingeniør VA, Førde kommune

Joar Helgheim, tenesteleiar Næring og Miljø, Jølster kommune

Solfrid Trå, naturforvaltar, Jølster kommune

Susan Solbrå, rådgjevar, Sogn og Fjordane fylkeskommune

John Anton Gladsø, seniorrådgjevar, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane

Staffan Hjøhlman, koordinator for Sunnfjord vassområde

### Sak 1. Fylkesprosjektet om ureining frå avløp

Orientering v/ Susan Solbrå, Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkesmannen har fått innvilga 500 000 kr frå Miljødirektoratet til å vidareføre prosjektet.

Fylkeskommunen bidrar med 100 000 kr i tillegg. Fylkesmannen er prosjekteigar, men

Fylkeskommunen samarbeider med Fylkesmannen om å leige konsulent til arbeidet. Oppdraget er mellom anna at konsulenten skal kontakte kommunane for å kvalitetssikre anslag på påverknadsgrad frå avløp, og drøfte utfordringar med å handheve regelverket i ureiningsforskrifta kap 12 og 13.

Fylkesmannen v/ John A. Gladsø viste til bakgrunnen for prosjektet, at det er mangelfull kunnskap om utslepp frå spreidde avløp og påverknad på økologisk tilstand i vassdraga. Fylkesmannen oppfordrar til innspel frå kommunane til opsjonar, særleg opsjon om kontroll av eit utval anlegg.

#### Innspel til fylkesprosjektet, som kom fram i møtet:

Det kom positive tilbakemeldingar på at prosjektet vil bidra med kunnskap og løysingar som kommunane har stort behov for. Det vart sett positivt på opsjonen om inspeksjon av 5 spreidde avløpsanlegg i kvar kommune. Det vart teke til orde for å bruke av Sunnfjord vassområdes midlar i dette prosjektet dersom løyvingane på 600 000 ikkje strekker til.

Problem å opne shape-fil med prioritering av anlegg, som fylkeskommunen har sendt kommunane med epost. Svar: Nedlasting av shape-filane kan skje med GIS-line. Fylkeskommunen oppfordra kommunane om ta kontakt for slike spørsmål og kome med innspel til innhaldet i eposten.

I oppdraget til konsulenten som skal leigast: hente informasjon frå Norva24, ikkje berre frå kommunane. Gaular kommune har fått gode innspel frå Norva24 til løysingar. Det kan vere enklare å hente opplysningar frå Norva24 enn at kommunane skal leite etter gamle byggesaker i arkivet.



# Sunnfjord vassområde

Tilbudsinvitasjonen, del 3, bør omfatte også andre skip og frakteskøyter enn cruiseskip.

Kompetanse i kommunen kan tilføyast som barriere ved oppfølging av ureiningsforskrifta, kap 12-13.

## Diskusjon i tilknytning til orienteringa:

Data frå slamtømfirma om spreidde avløp vart tatt opp og er referert under sak 2.

Tal personar per anlegg er viktig i denne samanheng, slik som blir gjort i fylkesprosjektet.

Kommunane i Sunnfjord bør vurdere å lage ei felles norm for private anlegg i dialog med entreprenørar/rørleggjarar (reinseløysing og utslepp). Det er laga ei felles VA-norm for kommunale anlegg i Sunnfjordkommunane. Entreprenørar har delteke i utforming av denne. I Førde kommune gjeld VA-normen også for private anlegg > 5 p.e. Det finst miljøblad som samanstill krav til anlegg. Det kan vere aktuelt å leige driftsassistansen til å utforme norm.

Erfaringar frå andre deler av landet har vist at det er nødvendig å byggje kompetanse hos entreprenørar / rørleggjarar.

Lokal forskrift (jamfør ureiningsforskrifta §12-6).

- Gaular var i gang med å utarbeide lokal forskrift, men sette arbeidet på vent på grunn av kommunereforma.
- Førde kommune har vurdert å innføre lokal forskrift, men konkludert at det ikkje er tenleg. Krava i sentral ureiningsforskrift er tilstrekkelege og kommunen makter ikkje å følgje opp strengare krav. Reglar er derimot presisert i vedtektene til kommuneplanens arealdel.
- Døme på lokale forskrifter: Asker (ny)
- Det kan vere aktuelt å differensiere krava for visse soner/fjordresipienter, til dømes innelukka bukter med brukarinteresser (bading med meir).

Året 2019 blir eit «unntaksår» for dei 4 kommunane som skal slå seg saman til Sunnfjord kommune frå og med 2020 (Førde, Gaular, Jølster og Naustdal). Mange arbeidsgrupper er i ferd med å sy saman løysingar for kommunale oppgåver og det kan vere muleg å få innpass med spesielle tema som oppfølging av avløp. Det er viktig at alle bidreg med innspel til arbeidsgruppene. Gebyrgrunnlag og forskrifter skal opp i kommunestyre hausten 2019 og vedtakast innan 01.01.2020. Planstrategi kan definere kva for forskrifter som skal på plass.

Leiarar for relevante arbeidsgrupper for Sunnfjord kommune:

Gebyr og sjølvkost: Truls Hansen Folkestad, Gaular kommune

Landbruk og miljø: Oddmund Klakegg, Jølster kommune

Kommunal teknikk: Leif Halvor Kårstad, Gaular kommune



# Sunnfjord vassområde

## Sak 2. Dataflyt frå slamtømar til kommunane

Får kommunane nødvendige data frå Norva24 til å følgje opp spreidde avløp?

Det kom ikkje klare svar på dette spørsmålet.

Kommunane får dei same opplysningane som er brukt i fylkesprosjektet, det vil seie:

- Koordinatar til tankane
- Tankvolum
- Feil / mangler (dykk, kumlokk med meir)

Norva24 har mykje detaljinformasjon om det enkelte anlegg. Det er uklart kor mykje opplysningar Norva24 har om rensing etter septiktank og eventuelt utsleppspunkt.

Det er problem å få sendt informasjon automatisk frå slamtømfirmaet (Norva24) til KOMTEK. Det er aktuelt å revidere kontrakten med SUM / Norva24 for å få tilgang til alle opplysningar og overføre dei til KOMTEK. Det må settast krav til system og format i revidert kontrakt slik at systema kan kommunisere med kvarandre og leggje til rette for samhandling (automatisk og kvalitetssikra dataoverføring).

## Sak 3. Tilskot til vassmiljøtiltak

Miljødirektoratet / Fylkesmannen, søknadsfrist 15.01. Er det framlegg til prosjekt?

Innspel til prosjekt:

- Utarbeiding av VA-norm for spreidde avløp / prekvalifisering av minirensanlegg.
- Lokal forskrift

Koordinator for vassområdet sjekker om dette ligg innafør tilskotsordninga.

## Sak 4. Revidering av regional plan for vassforvaltning 2022-2027

### Orientering:

Regional plan for vassforvaltning for Sogn og Fjordane vassregion med tilhøyrande tiltaksprogram for planperioden 2016-2021 vart vedteke av 5 Fylkesting i desember 2015 og godkjent av KLD i juli 2016. Tiltak for å betre vassmiljøet skal no vere planlagt eller starta.

Desse dokumenta skal reviderast for planperioden 2022-2027, og prosessen skjer i 2 trinn:

Leggjast ut på høyring 1.4. – 30.06.2019:

1. Planprogram
2. Hovudutfordringar i vassregionen og i vassområda (Tidlegare kalla *Vesentlege vassforvaltningsspørsmål*)

Leggjast ut på høyring i 2020.

3. Regional plan for vassforvaltning
4. Tiltaksprogram
5. Handlingsprogram



# Sunnfjord vassområde

Dokumentet Hovudutfordringar inneheld ein oppdatert oversikt over m.a. miljøtilstand, påverknadar og status for gjennomføring av tiltak. Datagrunnlaget vert henta frå databasen Vann-nett. Det er viktig at alle sektorstyresmaktar inkludert kommunane, kvalitetssikrar datagrunnlaget i Vann-nett innafor sine ansvarsområde. **Kommunane tek kontakt med vassområdekoordinatorane innan 1.12.2018 dersom datagrunnlaget i databasane bør endrast/oppdaterast.** Fylkesmannen er ansvarleg for å oppdatere Vann-nett og Vannmiljø.

Sunnfjord vassområdeutval vil behandle utkast til Hovudutfordringar 17. desember. Etter behandling i vassområdeutvalet blir oppdatert utkast sendt til vassregionstyresmakten (fylkeskommunen) innan 1.1.19., saman med innspel til planprogram og hovudutfordringar i vassregionen.

Ei viktig oppgåve for vassområdet og kommunane i 2019 blir å lage innspel til revidert tiltaksprogram.

**Innspel på møtet:** sende oppfordring om å kvalitetssikre vann-nett til postmottak i kommunane.

23.11.2018

Staffan Hjøhlman, ref.